



Søndagsmiddag: kalvefrikasé

Roy Lervåg er no godt i gjenge i vertshuset på Sandakaien som no har fått namnet Oska. Sist helg flytta også Roy til Uskedalen, og vi ønskjer han no velkommen blant uskedelingane. Dei næraste dagane er det fleire smakfulle og kjekke tilbod som gjestene kan glede seg over.

Komletorsdagane er godt innarbeidde og populære. Dei fleste uskedelingane har no truleg smakt dei gode Smakifråkomlene som vert servert med pinnekjøtt, lokal pølse, kålrabi og bacon. Etter ønskje frå gjester har Lervåg justert tida for komlebuffeet litt. No opnar han kl. 15, og så held han ope i alle fall til kl.18. Dette er gjort for at folk skal få betre tid til å kosa seg med komlemiddag etter endt arbeidsdag.

Etter ønskje frå gjester har han også glutenfrie komler no. Av praktiske omsyn er han takksam for om dei som ønskjer det, gjev eit ord på førehand.

Lørdag frå kl.12 er det klart for ein ny lørdagscafé. Då serverer han kaker, kaffi og smårettar. Det er aviser og spel slik at lørdagskosen kan verta retteleg kjekk. Etter flyttinga sist helg er han no tilbake med herleg søndagsmiddag frå kl.15.

Medan ein er i Oska, anbefaler eg også alle å få med seg kunstutstillinga til Malene Dekke 'Von Dieche' Eik. Den unge kunstnaren har mykje fint å visa fram.

Elles kan Roy Lervåg også fortelja at stadig fleire nyttar seg av catering-tilbodet hans, og vi minner om at vi kan følgja aktiviteten på Oska med å like facebook-sida til Smakifrå, og ved å gå inn på nettsida www.smakifraa.no.



Koseleg lørdagscafé med spel og mykje godt.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Smakifrå